

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 30/2007

av 27. april 2007

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XVIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 124/2006 av 22. september 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2006/15/EF av 7. februar 2006 om fastsetjing av ei andre liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF og om endring av direktiv 91/322/EØF og 2000/39/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XVIII i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 16jc (europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/40/EF) skal nytt nr. 16jd lyde:

”16jd. **32006 L 0015**: Kommisjonsdirektiv 2006/15/EF av 7. februar 2006 om fastsetjing av ei andre liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF og om endring av direktiv 91/322/EØF og 2000/39/EF (EUT L 38 av 9.2.2006, s. 36).”
2. I nr. 3a (kommisjonsdirektiv 91/322/EØF) og nr. 16j (kommisjonsdirektiv 2000/39/EF) vert følgjande lagt til:

⁽¹⁾ TEU L 333 av 30.11.2006, s. 53, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 30.11.2006, s. 40.

⁽²⁾ TEU L 38 av 9.2.2006, s. 36.

”, endret ved:

- **32006 L 0015**: Kommisjonsdirektiv 2006/15/EF av 7. februar 2006 (EUT L 38 av 9.2.2006, s. 36).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2006/15/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. april 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferdiget i Brussel, 27. april 2007

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.